

## Folkemøte KPA Åraksbø grendehus 02.06.2021

- 18 stk møtte

Innspel frå Årakane:

- **Fokusområde bustadar:**
  - LNF – område spreidd. Gjere den lettare å «leve i».
  - Gi rom for Solcellepanel.
  - Fulle dei tomme husa før nye tomtefelt ? Lage liv i alle dei husa som står tomme.
  - Folk ønsker store bustadtomter å boltre seg på.
  - Reklamere for at Bygland er god å bu i pga tryggare med tanke på pandemier.
  - Folk vil ha plass, fred og boltreplass.
  - Kva slags folk vil vi ha? Analysere dette.
  - «Kvitte oss med» omsynssoa i Strandsoneplanen..... H570.
- **Fokusområde Næring / forretning / Friområde og friluftsliv**
  - Det viktigaste er arbeidsplassar.
  - Båtopplagsplassar / bygg kan vere ei forretningside.
  - Det trengst meir næringsareal. Det er ein tendens til at ting
  - Utvide området på Nesmoen til større næringsområde.
  - Enkle overnattingsløyisingar – Bygland som heilårs overnattingspunkt.
  - Etablere attraktive næringsareal i samarbeid med nabokommunane.
  - Ha område for opplevingar / aktivitetar. Kulturturisme t d.
  - Idear om reiselivsutvikling – Kvar hendvendar ein seg ?
  - Friområde i Moloen – Bryggje for Bjoren og utvide Moloen for fleire båtplassar. Betre parkeringsmoglegheiter. Toalettfasilitetar. Ikkje overnatting. Parkeringsplassar for overnatting må ha toalettfasilitetar. Legge høgspanten i bakken.
  - Opningstider på kommunen er for «tronge».
  - Krypsiv – og avfallsrydding langs fjorden og på badeplassane.
  - Fontena i Bygland sentrum..... + meir blomstar ( Nå er oss nede i «bedda» ....).
- **Fokusområde samferdsel**
  - Forslag om km / t 30 sone gjennom bygda, fartsdumpar.
  - Lys gjennom tunellen til Ose.
  - Rv9 gjennom Frøysnes.
  - Veg mot Fyresdal ? Er dette lagt dødt ?
  - Legge alt av leidningar i bakken i framtida.
  - Ha gode fine skilt. Informasjonsskilt om å flytte til.
  - Lyssetting.
  - Informasjonsskilt langs vegen for dei som vil flytte til Bygland.
  - Folke – og byråkratvenleg arealplan, og dernest eit flott marknadsføringsdokument.

**Anna:**

- Korleis forhalde oss til «bybøndane». Mange av desse legg beslag på bygda, og hindrar utvikling. Kva om ein heller talar betre om «bybøndane» og får godvill i høve areala deira, og slik at dei faktisk prøver så godt dei kan for å få til å flytte hit ? Arbeidsplassar er avgjerande. Husa er her.

- Etablere offentlege parkeringsplassar i bygda slik at ein får litt struktur. Ute med søppla og ved skulehuset ?
- Ansvarer dersom det skjer ulykker ( skogsvegar ) ? Vegforeningane kan teikne forsikringar.
- Take kontakt med bybøndane – Viktig at kommunen tek kontakt med desse. Kven, kva og korleis organisere dette i kommunen ??? Kva mandat skal dei som skal gjere dette ha ?

Åraksbø 2/6- 2021

Kjell Øyvind Berg